

SVEIO KOMMUNE

Reguleringsføresegner for

Plan 2016901, detaljregulering for Fv. 541 Krossleitet – Grimstveit

Datert: 26. november 2021

1 GENERELT

1.1 Formålet med planen

Formålet med planen er å betre trafikktryggleiken for alle trafikantar langs eksisterande fylkesveg 6 mellom Krossleitet og Grimstveit i Sveio kommune. I sør del av planområdet er det særleg ved å auke vegbreidda, betre siktforholda og etablere ein samanhengande gang- og sykkelveg langs vestsida og fortau langs austsida som er hovudgrepa i planen, mens det for den nordre delen er løyst ved å legge fylkesvegen i ny trasé aust for dagens veg.

1.2 Reguleringsformål

I samsvar med §§ 12-5 og 12-6 i plan- og bygningslova er området regulert til følgjande formål:

1.2.1 Bygningar og anlegg (PBL §12-5 (2) nr. 1), med følgjande underformål:

- a) Bustader (1110)
- b) Bustader – frittliggjande småhus (1111)
- c) Bustader – konsentrert småhus (1112)
- d) Offentleg eller privat tenesteyting (1160)

1.2.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL §12-5 (2) nr. 2), med følgjande underformål:

- a) Køyreveg (2011)
- b) Fortau (2012)
- c) Gang-/sykkelveg (2015)
- d) Annan veggrunn – teknisk anlegg (2018)
- e) Annan veggrunn – grøntareal (2019)
- f) Leskur/plattformtak (2026)
- g) Kollektivhaldeplass (2073)
- h) Parkeringsplassar (2082)

1.2.3 Grøntstruktur (PBL §12-5 (2) nr. 3), med følgjande underformål:

- a) Friområde (3040)

1.2.4 Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift (PBL §12-5 (2) nr. 5), med følgjande underformål:

- a) Landbruksformål (5110)
- b) Spreidde bustader (5210)

1.2.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (PBL §12-5 (2) nr. 6), med følgjande underformål:

- a) Naturområde i sjø og vassdrag (6610)
- b) Friluftsområde i sjø og vassdrag (6710)

1.2.6 Omsynssoner (PBL §12-6)

- a) Frisikt (H140)
- b) Andre sikringssoner (H190)
- c) Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenkablar) (H370)
- d) Krav som gjeld infrastruktur (H410)

1.2.7 Føresegnområde

- a) Midlertidig bygge- og anleggsområde

2 FELLESFØRESEGNER

2.1 **Generelt**

Desse føresegnene saman med plankart datert 26. november 2021 gjeld innafor ramma av plan- og bygningslova med tilhøyrande føresegner for Sveio kommune. Fellesføresegnene gjeld for heile planområdet dersom ikkje anna er spesifisert.

2.2 **Terrengbehandling**

Omsynet til landskapet skal sikrast gjennom utarbeiding av byggeplanar og ved gjennomføring av anlegget. Krav til utforming av tekniske anlegg og tilbakeføring av vegetasjon skal gå fram av byggeplanane. Alle inngrep knytt til veganlegget skal utformast mest mogleg forsiktig med omtanke for terreng og utsjånad. Eksisterande vegetasjon skal i størst mogleg grad takast vare på. Terrengbehandlinga skal ferdigstillast samtidig med resten av anlegget.

2.3 **Kulturminne**

Dersom det i samband med gravearbeid dukkar opp funn som kan vere automatisk freda kulturminne som frå før av ikkje er registrerte, skal arbeidet stansast og rette myndigheit varslast, jf. Kulturminnelova §8 (2).

2.4 **Byggegrenser**

Det er ikkje vist byggegrense i planen, og veglova sine føresegner om byggegrense skal gjelde.

2.5 **Universell utforming**

Prinsippa for universell utforming skal leggst til grunn ved utforminga av trafikkanlegget.

2.6 **Støy**

Dersom det er naudsynt for å tilfredsstille krava til støynivå på uteplass eller innandørs støynivå skal eigedomar som får eit støynivå som er høgare enn dei tilrådde støygrensene i rundskriv T-1442/2012

vurderast og eventuelt få tilbod om støyskjerm, lokal skjerm og/eller fasadetiltak i samband med gjennomføring av reguleringsplanen. Unntak frå dette gjeld mellom fv. 47 og Åse, sør for profilnummer 1500, kor det skal støyskjermast som eit miljø- og tryggleikstiltak.

2.7 Avklaring mot gjeldande arealplanar i området

Alle område regulert til bustader (B), bustader – frittliggjande småhus (BFS), bustader – konsentrert småhus (BKS), offentleg/privat tenesteyting (BOP), parkering (SPP) eller friområde (GF), samt område o_SGS1, o_SGS2, f_VNV, H190 og H410 er samtidig regulert med føresegnområde for midlertidig bygge- og anleggsområde. Planforslaget opnar ikkje for ny utbygging i desse areala. Dersom ikkje anna er spesifisert for dei einsskildede områda skal gjeldande planar med tilhøyrande føresegner gjelde for areala når føresegnområdet for midlertidig bygge- og anleggsområde er avslutta. Det er dermed ikkje utarbeida eigne planføresegner til desse områda i denne reguleringsplanen.

3 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL §12-5 (2) nr. 2)

3.1 Generelt

Områda skal nyttast til og opparbeidast med den inndelinga i formål og vegbreidder som er vist på plankartet. I samband med detaljprosjektering kan det gjerast mindre justeringar av veglinjene. Vegskjeringar og -fyllingar, murar og andre element skal sikrast i naudsynt grad med gjerder i anleggsperioden og når områda blir tekne i bruk.

3.2 Køyreveg

Køyrevegane skal opparbeidast med linjeføring, utforming og dimensjon som vist i planen.

- Mellom Fv. 47 og busetnaden på Åse (profil 0 – 1650) skal eksisterande fv. 541 utbetrast i same trasé. På denne strekninga skal fv. 541 ha to køyrefelt med breidde 2,75. Total køyrebane inkludert skulder skal vere 6,5 meter. I tillegg kjem kurveutvidingar.
- Ny fv. 541 skal ha to køyrefelt med breidde 3,0 meter. Total køyrebane inkludert skulder skal vere 7,5 meter. I tillegg kjem kurveutvidingar.
- Kryss og avkøyrslar er fastlagde i planen og skal ha frisktsoner i samsvar med vegnormalane.
- f_SKV skal vere felles vegar og skal høyre til dei eigedomane dei løyser ut.

3.3 Fortau

Fortaua o_SF skal vere offentlege og skal utformast i samsvar med vegnormalane. Fortaua skal ha ei breidde på 2,5 meter.

3.4 Gang- /sykkelveg

Gang- og sykkelvegane o_SGS skal vere offentlege. Gang- og sykkelvegane skal ha ei breidde på 3,0 meter.

3.5 Annan veggrunn – teknisk anlegg

Areal sett av til annan veggrunn – teknisk anlegg o_SVT skal vere offentleg. Det skal leggast vekt på estetikk og kvalitet ved planlegging og opparbeiding av areala. Areala skal opparbeidast i samsvar med planen og skal detaljutformast i samsvar med vegnormalane.

3.6 Annan veggrunn – grøntareal

Annan veggrunn o_SVG som vegskjeringar og -fyllingar skal formast som ein del av veganlegget og skal sikre dei offentlege vegareala. Høge vegskjeringar skal sikrast etter gjeldande regelverk. Areala skal opparbeidast som grøntanlegg eller på annan tiltalende måte.

3.7 Leskur/plattformtak

Det er sett av areal kor det skal setjast opp leskur knytt til haldeplassar for buss. Areala skal vere offentlege.

3.8 Kollektivhaldeplass

Kollektivhaldeplassar o_SKH skal vere offentlege og skal plasserast og utformast som vist i planen. Detaljutforming skal samsvara med vegnormalane.

3.9 Parkeringsplassar

Område for parkeringsplassar o_SPP skal vere avsett til offentleg parkering for bilar og bussar.

3.10 Avkøyrslar

Avkøyrslar til bustadar er i plankartet vist med arealformål Køyreveg. Landbruksavkøyrslar er markert med punktymbol *Avkøyrse*, og plassering er orienterende og kan tilpassast staden. Krav til frisikt skal tilfredsstillast.

4 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG INKLUDERT STRANDSONE (PBL §12-5 (2) nr. 6)

4.1 Friluftsområde i sjø og vassdrag

Eksisterande bekk skal leggast noko om og i røyr under fv. 541 og to avkøyrslar, som vist på plankartet med arealformål VFV.

5 LANDBRUKS-, NATUR-, OG FRILUFTSFORMÅL OG REINDRIFT (PBL §12-5 (2) nr. 7)

5.1 Generelt

LNf-områda skal takast vare på og bevarast slik dei er i dag. Ved terrenginngrep i desse areala skal ein velje løysingar som samsvarar med omgjevnadene. Alle tiltak som grip inn i desse områda skal ferdigstillast samtidig med resten av anlegget.

5.2 Landbruksformål

Områda LL skal brukast til landbruksformål. Føresegner i kommuneplanens arealdel er gjeldande for områda.

5.3 Spreidde bustader

I områda LSB er det tillate med spreidd bustadbygging. Føresegner i kommuneplanens arealdel er gjeldande for områda.

6 OMSYNSSONER (PBL §12-6)

6.1 Frisiktsoner

Sikringsområda H140 er sett av til frisiktzone. Innanfor områda skal det til ei kvar tid vere fri sikt i ei høgd på 0,5 meter over nivået på tilstøytande vegar. Parkering, skilttavler eller tekniske innretningar er ikkje tillate.

6.2 Faresoner

I faresone for høgspent H370 er det restriksjonar på aktivitet. Alle inngrep, både permanente og midlertidige skal meldast til Haugaland Kraft som er eigar av høgspentlinja. Det er sett ei sikringszone (byggjegrænse) på 6,0 meter til kvar side for luftstrekket. Innanfor denne sona gjeld spesielle restriksjonar for oppføring av bustad og andre konstruksjonar.

7 FØRESEGNOMRÅDE (PBL §12-7, nr. 1)

7.1 Midlertidig bygge- og anleggsområde

Midlertidig bygge- og anleggsområde er i plankartet sett av for naudsynt areal i samband med gjennomføring av veganlegget.

Områda #1 - #6 kan nyttast til verksemd som er naudsynt for anleggsdrifta og som midlertidig massedeponi. Mellomlagring av massar skal skje på ein slik måte at det ikkje fører til partikkelførsel til vassdrag.

Formålet midlertidig bygge- og anleggsområdet blir avslutta når kommunen har fått melding om at anlegget eller deler av dette er ferdigstilt og det deretter er fatta vedtak om at den midlertidige bruken er avslutta.

Seinast eitt år etter at anleggsarbeida er avslutta skal areala vere sett i stand slik at dei kan nyttast til det formål dei opphavleg hadde. Eksisterande vegar som nyttast til anleggstrafikk skal etter anleggsperioden setjast i stand i samsvar med gjeldande normer.

2	2021-11-26	For planvedtak	KRHST	PSO	LRK
1	2019-10-18	For høyring/offentleg ettersyn	KRHST	PSO	LRK
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.